



Knut Johannes Ripel har verstaasjonen på taket sitt i Myro. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Klokka 03.50 natt til søndag (heretter blir den truleg kalla "orkan-natta") var det eit orkan-kast på 74 knop øverst i Myro. Den som fortel dette til uskedalen.no er Knut Johannes Ripel, som har ein verstaasjon montert på taket. 74 knop er det same som 46 meter i sekundet. Det bles orkan når vinden kjem opp i 35-40 meter.

Uskedalen.no har tidlegare etterlyst nokon som kunne 'registrera veret' for oss i bygda, og no har vi altså funne ein! Men Knut Johannes strekar under at han berre er ein amatør utan nokon som helst offisiell status.



Han interesserer seg sterkt for veret og for vel eitt år sidan kjøpte han ein verstasjon for mellom 3.000 og 4.000 kroner. I april kom den på plass på taket, og no kan Knut Johannes lesa av alle registreringane av vind, regn, fuktigheit og temperatur på pc-en sin.

Det er OK å sitta inne ved dataskjermen og registrera veret ute! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så langt har han ikkje ført logg over registreringane. Utstyret sender informasjon om dei registrerte data kvart femte minutt.

Når uskedalen.no er innom tirsdag føremiddag, kan 'observatøren' til dømes fortelja at det bles 1,9 meter i sekundet frå vest – det er det same som 3,6 knop.

Men når vi ber han om å ta fram data frå 'orkan-natta' kjem heilt andre tal fram på skjermen: Det kraftigste orkan-kastet då – det på 74 knop - kom kanskje noko overraskande frå sør/søraust i ein periode då vinden elles stort sett låg rundt 54 knop (28 meter i sekundet). Det er sterk storm når det bles 25-30 meter i sekundet. Etterkvart snudde vinden mot sørvest denne natta og sørvesten tek skikkeleg tak øvst i Myro.


Det kom også utruleg mykje regn natt til søndag, faktisk 38 millimeter.

Også natt til måndag bles det kraftig, men vinden var ikkje så heftig i kasta som natta før.

Knut Johannes er serviceman i Nordsjøen har opplevd så kraftig vind som 109 knop på Gullfaks. Og han har høyrd om vindkast heilt oppe i 120 knop der ute.

- Men der er det berre stålkonstruksjonar og ein merker ikkje vinden på same måten, seier han.

Av Ola Matti Mathisen



Slik har Knut Johannes Ripel i Myro registrert vind og nedbør dei siste døgn. Loggingsintervallet var fem minutter då orkankastet på 74 knop kom, difor er det ikkje registrert her. Den nesten rette linja markerer regnmengda.